



Turen går gjennom dei inste og kanskje mest dramatiske delane av Hardanger.

This trip takes you through the innermost and perhaps most dramatic parts of Hardanger.



 **Ulvik kommune.** Ulvik av dyrenamnet ulv, er ei av dei mest tradisjonsrike turistbygdene i Noreg. Varme somrar, høge sjøtemperaturar, ro og frodig natur har i generasjonar trekt til seg feriegjester. Ein stor arbeidsplass og attraksjon er landet sin eldste gartnarskule, Hjeltnes, grunnlagt i 1901. Folketal: 1250.

**Ulvik** (*ulv* meaning wolf) is one of Norway's longest-established tourist districts. The warm summers, high sea temperatures, peace and abundant nature have attracted generations of holidaymakers. A major employer and attraction is Norway's oldest horticultural college, Hjeltnes, founded 1901. Population: 1,250.

 **Eidfjord kommune** ligg inst inne i Hardangerfjorden. Rv7 - den vakreste og raskaste vegen aust-vest går gjennom Eidfjord. Dei viktigaste næringane er jordbruk, offentleg og privat tenesteyting, kraftforsyning og reiselivsverksemd. Eidfjord kommune har like mange gjestesenger som innbyggjarar, omlag 1000.

**Eidfjord district** is right at the head of the Hardangerfjord. Trunk road Rv7, the fastest and most scenic east-west route, traverses the district. The main industries are agriculture, public and private services, electricity supply and tourism. Eidfjord has as many tourist beds as inhabitants, about 1,000.

 **Granvin kommune** har, som dei andre Hardangerkommunane, fjorden, fjellet og vakker natur som kjenneteikn. Gamle byggeskikkar er tekne vel vare på, og det spirar og gror i musikklivet. Granvin er kjent for å ha rike feletradisjonar med mange kjende felespelarar og felebyggjarar. Hardingfela er symbolet i kommunevåpnet. Omlag 1050 innbyggjarar

**Granvin**, like the other districts of Hardanger, has the fjord, mountains and beautiful scenery as its backdrop. Traditional building skills are well preserved, and the district has a flourishing musical life. Granvin has produced many famous fiddle players and makers, and a Hardanger fiddle appears on the district arms. Approximately 1,050 residents.

**Avstander/Distances:**

Ulvik-Osa:	10 km	Eidfjord-Kinsarvik:	29 km
Ulvik-Bruravik:	9 km	Kinsarvik-Kvanndal, ferje	45 min.
Bruravik-Brimnes, ferje/ferry	10 min.	Kvanndal-Granvin:	10 km
Brimnes-Eidfjord:	10 km	Granvin-Ulvik:	23 km

### Reiserute

Frå Ulvik (1) gjer vi først ein tur til Osa (2), omlag 10 km frå Ulvik sentrum. Siste del av strekninga er det smal veg, så køyr forsiktig. I Osa kan ein oppleva «Stream Nest» (3) og Hjadlane Galleri (4) Etter endt opphald i Osa tek vi same veg tilbake til Ulvik sentrum og deretter skilting til ferjestaden Bruravik. Ferje til Brimnes.

Vel over Hardangerfjorden ta Rv7 til venstre mot Eidfjord. I Eidfjord er det mykje å oppleva, så her får ein velja etter ynskje (5-10).



Eidfjord. Foto: Willy Haraldsen.



Vøringfoss. Foto: Willy Haraldsen.



Ulvik. Foto: Willy Haraldsen.

### Route

From Ulvik (1), we head first for Osa (2), about 10 km away. The last section of road is narrow, so drive carefully. In Osa you can visit «Stream Nest» (3) and Hjadlane Galleri (4), before returning by the same route to Ulvik and following the signs to the ferry at Bruravik. Ferry to Brimnes.

After crossing the Hardangerfjord, turn left onto Rv7 towards Eidfjord, where there is plenty to see and do, depending on your interests (5-10).

Etter flotte opplevingar i Eidfjord går turen tilbake på Rv7, forbi Brimnes og vidare til Kinsarvik (**11-12**).

Frå Kinsarvik er det ein fin ferjetur over til Kvanndal, vidare på Rv7 til Granvin. Etter Granvin sentrum eit lite stykke vidare på Rv7, så til høgre på Rv572 mot Ulvik. Granvin kyrkje (**13**) ligg like ved det idylliske Granvinvatnet.

### Stader og ymse av interesse:

(1) I Ulvik er fire område komne med i ein kulturlandskapsplan (Nesheim, Sysehagen, Lekvelia-Jonstøl og Nordalen/Austdalen i Osa) Områda er lagt tilrette for ålmen ferdsel og viser ulike minnesmerke frå eldre tider. Ulvikpollen er ein av dei få marine våtmarkene i fylket. Området har eit rikt fugleliv med over 80 ulike artar registrert. Observasjonshytte.

(2) **Osa** med frodig vegetasjon og høge, alpeli knande fjell. Anleggsveg 20 km opp i fjellet frå Osa til omlag 1200 m.o.h.(15.05-15.09). Bomveg.

(3) «Stream Nest». Etter å ha vore det mest vitja kunstverket under vinter-OL på Lillehammer i 1994, vart det flytta til Osa. Skulpturen er laga av 3000 tømmerstokkar og 23.000 mursteinar. Tubaisten Geir Løvold sin originale musikk strøymer ut av kunstverket.

(4) **Hjadlane Galleri** i Osa, eit galleri for samtidskunst.

(5) **Hardangervidda** er det største høg fjellsplatået i Nord-Europa, med den største nasjonalparken i Noreg og den rikaste villreinstamma i Europa. Hardangerjøkulen er den 5. største breen, med høgaste punkt 1.876 m.o.h.

(6) **Kjeåsen Fjellgard** i Simadalen ligg 600 m.o.h. Timekøyring: Opp kvar heile klokke time. Ned kvar halve klokke time. (Tursti opp den bratte fjellsida, ca. 1-1 1/2 time kvar veg.)

(7) **Hardangervidda Natursenter** Eidfjord i Øvre Eidfjord. Opplevings-senter som fortel om Hardangervidda og indre fjordstrok. Ivo Caprino supervideograf, akvarium og opplevingsorienterte utstillingar.

(8) **Sima Kraftverk** i Simadal, eit av dei største vasskraftanlegga i Europa. Kraftstasjons-hallen ligg 700 meter inne i fjellet. Omvising og film.

(9) **Vøringfossen** i Måbødalen er Noregs mest kjente foss. Total fallhøgde på 182 meter. Sti frå Rv7 til foten av fossen.

(10) **Måbødalen** med Trolltoget. Vegbyggingstradisjon frå 1600-talet og fram til idag. 21 info.tavler langs vegen. Trolltoget går på gamlevegen og turen gjev ei oppleving av vill, vakker og dramatisk vestlandsnatur.

(11) **Kinsarvik**, av elva Kinso (Kinn, bratt fjellside). Ullensvang er den største fruktkommunen i Noreg med omlag 500.000 frukttre.

(12) **Kinsarvik kyrkje** er blant dei eldste i Noreg, frå ca. 1160. Romansk stil. Kalkmåleri på veggane frå 1200-talet.

(13) **Granvin kyrkje** ligg på Kyrkjestrondi ved Granvinvatnet. Kyrkja er bygd i 1726 og kyrkjeklokka i tårnet er truleg den eldste i Noreg.

When you've seen enough, return via Rv7 past Brimnes and continue to Kinsarvik (**11-12**).

From Kinsarvik take the ferry over to Kvanndal and continue on Rv7 through Granvin. Just after the village centre, turn right onto Rv572 towards Ulvik. Granvin church (**13**) stands beside the idyllic Granvinvatnet lake.

### Places of interest and attractions:

(1) In **Ulvik** four areas have combined in an agricultural project: Nesheim, Sysehagen, Lekvelia-Jonstøl and Nordalen/Austdalen in Osa. These areas are accessible to the public and contain various ancient monuments. Ulvikpollen is one of the few salt marshes in the region and is rich in bird life, with over 80 species recorded. Observation hut.

(2) **Osa** with its lush vegetation and high alps. Access road (toll) running for 20 km into the mountains, to 1,200 m above sea level, open 15.5-15.9.

(3) «**Stream Nest**», the most visited work of art during the 1994 Winter Olympics in Lillehammer, was subsequently moved to Osa. The sculpture contains 3,000 logs and 23,000 bricks, and plays original music by Geir Løvold, a tuba player.

(4) **Hjadlane Galleri** in Osa displays contemporary art.

(5) **Hardangervidda** is the largest mountain plateau in northern Europe, with Norway's largest national park and Europe's biggest wild reindeer herd. Hardangerjøkulen is the fifth largest glacier, its highest point 1,876 m above sea level.

(6) **Kjeåsen Fjellgard**, Simadal, a mountain farm 600 m above sea level. Narrow road! Directional driving only! Ascending: depart on the hour. Descending: depart on the half-hour.

(7) **Hardangervidda Natursenter**, Øvre Eidfjord, an interpretative centre telling the story of Hardangervidda and the inner fjord. Ivo Caprino audio-visual presentation, aquarium, interactive exhibitions.

(8) **Sima Kraftverk**, Simadal, one of Europe's largest hydro-electric power stations. The generation hall is 700 m inside the mountain. Guided tours and film.

(9) **Vøringfossen** in Måbødalen is Norway's most famous waterfall, with a height of 182 m. Path from Rv7 to foot of waterfall.

(10) **Måbødalen** and the Troll Train. 21 information boards along the roadside tell the story of roadbuilding from the 17th century to the present. The Troll Train runs trips along the old road through wild, beautiful and dramatic scenery.

(11) **Kinsarvik**, named after the Kinso river (*kinn* meaning steep hillside). Ullensvang is Norway's main fruit-growing district, with some 500,000 fruit trees.

(12) **Kinsarvik church**, c.1160, is one of Norway's oldest. Romanesque architecture, 13th-century wall paintings.

(13) **Granvin church**, beside Granvinvatnet lake, was built in 1726. The church bell in the tower is probably Norway's oldest.